

– Havstrilen kom frå øyrika i vest

Ein DNA-test av 20 «havstrilar» syner at 14 av dei har felles forfedre med medlemmer av ein og same klan på skotske Hebridane. Sju av dei har felles stamfar med ein klan vest i Irland, ifølgje Ivar Fjeld.

SOTRA/ØYGARDEN: – Både MacDonald-klanen på Hebridane og O'Brian-klanen vest i Irland har gælisk, altså irsk, som morsmål. Dette styrkar teorien om at ein har funne strilar både vest for byen Galway i Irland og vest for Bergen, meiner Ivar Fjeld.

Strilen i Irland

Han legg fram desse resultatane på ein sogekveld ved Kystmuseet i Øygarden på onsdag. Tema er strilen i Irland, eit prosjekt Fjeld har jobba med over fleire år.

DNA-testinga syner genetisk innverknad frå ulike kjelder, både Skottland, Irland og lengre sør i Europa. Det er kanskje ikkje overraskande med tanke på dei mange skipsforlisa langs «strilekysten» frå Austevoll til Fedje. Sjøfarande folk frå store delar av Europa har skylt i land her opp gjennom hundreåra.

– Havstrilen var også frå Irland, er det mest rett å seia. Strilane er eit blandingsfolk, men med store innslag av keltisk slekt. Banda til Irland og folkeslag som kom frå den grøne øya syner seg så sterkt, også i DNA-testen, at det ikkje kan vera tilfeldig, meiner Fjeld.

– Interessant utgangspunkt

DNA frå 20 nolevande strilar i alderen 45 til 70 år vart sendt til Houston i Texas og testa mot irsk DNA. Strilane i testen er ikkje i nær slekt med kvarandre, men alle kan føra slekta på Sotra eller i Øygarden fleire ledd attende. Fagfolk innan historie-faget, som statsarkivar Yngve Nedrebø og universitetsbibliotekar Bjørn Bagge, meiner funna er så spanande, at dei bør vera

utgangspunkt for nærare og breiare undersøkingar av strilen sitt opphav.

Havstrilprosjektet til Ivar Fjeld vert altså tema for ein kystsogekvelld ved museet i Øygarden, der styrar Bjørn Christophersen meiner prosjektet er eit nytt bidrag til historieskrivinga om strilen.

– Kystmuseet tek ikkje stilling til om det stemmer at strilen har sitt opphav i Irland og fans som eit folkeslag der, men me ønskjer å bidra til debatten. Uansett er det eit interessant perspektiv Ivar Fjeld bidreg med, meiner Bjørn Christophersen.

Mykje som liknar

Styraren ønskjer å få fram ny kunnskap, og museet stiller ut ei fotosamling frå Connemara i Irland. Det er oppretta kontakt med eit museum i det området, som i dag er ein nasjonalpark på nordsida av Galway Bay.

– Når du kjem ut på dei yttste øyane der er det nett som å koma til Tofterøy eller til Fedje. Slik folk levde før i tida rodde dei fiske, skar torv og dreiv jorda så godt det let seg gjera. Overskotet rodde dei inn til byen og selde, nett som her, seier Ivar Fjeld.

Det han fortalde frå ein tur til Orkenøyane, Skottland og Irland fekk Bjørn Christophersen til å tenka på ein film ho har liggande på Kystmuseet.

– Filmen er ein presentasjon av



Ivar Fjeld tek onsdag turen til Kystmuseet og styrar Bjørn Christophersen med ein sogekveld om strilen i Irland.

Foto: Karstein Sæverås

folkeliv vest for Galway i 1930-åra. Ein ser ei folkegruppe kledd på mykje same måte som strilane her på den tida. Dei er fattige fiskarbønder på brukdefangst til havs og i torvskjæring på myrane. Parallellane er slående, meiner museumsstyraren, som vil la dei som ønskjer å sjå filmen få høve

til det komande onsdag.

Når DNA-resultata kjem på toppen av likskap i levemåte og bruken av ordet stril på keltisk, meiner Ivar Fjeld det er grunnlag for breiare forskning.

– På keltisk vert ordet stril brukt om omstreifarar, eit færande folk. Eg tenkjer at for vikingane

var det enkelt å røva med seg slikt færande folk og selja dei som trellar langs vestlandskysten. Dei forsvann frå den irske saga, men dukkar opp att i desse DNA-resultata, meiner Fjeld.

KARSTEIN SÆVERÅS
karstein@vestnytt.no

90769391

– Overtolkar resultatane frå DNA-testar

Kommersiell DNA-testar
av den typen som er brukt i Havstril-prosjektet lovar ofte meir enn dei kan halda, meiner forskar Stian Hamre.

Stian Suppersberger Hamre er biologisk antropolog. Han er ikkje genetiskar, men har drive med DNA-analyse i samband med forskning på migrasjon og innvandring i middelalderen ved Universitetet i Bergen.

Skeptisk

– Eg kjenner ikkje til hypotesen Ivar Fjeld legg fram om strilen sitt opphav og veit berre det du fortel

meg om DNA-testen han har fått utført. Men i utgangspunktet er eg skeptisk til om det er grunnlag for å gå ut med så spesifikke resultat, seier Stian Hamre.

Ivar Fjeld trekkjer fram resultat frå DNA-testen som skal syna at 70 prosent av deltakarane, altså 14 av 20, er i slekt med klanen MacDonald på Hebridane. Vidare har 35 prosent DNA-treff på klanen O'Brian vest i Irland.

– Det høyrer seg godt ut til å vera sant at desse klanane er så genetisk distinkte at dei kan plukast ut frå den databasen ein har samanlikna dei tjue havstrilane med, seier Hamre.

Han viser til at det er vanskeleg nok å knytta DNA mot ei spesifikk folkegruppe, då folk alltid har flytta på seg og blanda gener. I dei fleste tilfelle får ein då ein miks av DNA som det er vanskeleg å henta detaljerte resultat ut frå.

Lovar for mykje

– Eit utval på 23 ting ikkje vera problematisk i seg sjølv, så lenge ein har ei stor gruppe å samanlikna med. Den må då ha eit godt grunnlag av DNA frå dei klanane ein hevdar å finna slektskap med, seier Hamre.

Han ville ikkje ha bygd ein

teori eller hypotese på resultat frå ein kommersiell DNA-test, men saman med andre haldepunkt meiner Hamre det kan det vera interessant å drøfta teorien om at strilen har opphav i Irland.

– Det er mange laboratorium som tilbyr slike testar. Resultata kan vera greie nok, men dei lovar ofte å fortelja kva etnisk gruppe du opprinneleg kom frå, kvar i verda dette var og kva religion forfedrane dine tilhøyrd. Slike ting kan ikkje DNA seia noko om, seier Stian Suppersberger Hamre.

KARSTEIN SÆVERÅS
karstein@vestnytt.no

90769391



HØSTTILBUD!

Begrenset mengde

Vi produserer/leverer alt i skifer etter mål

Proff Handstein mures opp dobbelt så fort som andre naturstein som er på markedet

SJEKK VÅRE UKESTILBUD HER:

WWW.SOLESNESSTEIN.NO

Eller ring oss for en uforpliktende prat på tlf. 53 66 89 90 / post@solesnesstein.no

Solesnes Stein as
www.solesnesstein.no